



Dette er Børneskaia akkurat no

Prisane på slip er framleis låge, men prisnivået på skurtømmer er på eit svært høgt nivå samanlikna med dei siste 15 åra. Dei bør frista til snarleg hogst, også i Uskedalen, meiner skogbruksleiar i Vestskog Iver Blokkum, som har Kvinnherad og Tysnes som sitt ansvarsområde.

I det siste har to skogeigarar i Herøysund avvirka ein god del og tømmeret fyller no godt opp på Børneskaia. Med det første skal også to av skogeigarane i Uskedalen igang og Blokkum antar at dei vil hogga botimot 1000 kubikkmeter tilsaman, Men det bør ikkje stoppa der.

Det var med verknad frå 1. desember Vestskog justerte prisane sine slik at det ligg inne ein auke på 10-20 kroner pr. kubikkmeter på dei fleste sortiment. Difor bør det vera ein god ide å vurdere hogst av modne bestand.

Prisoppgangen har ikkje minst samanheng med at Moelven Granvin Bruk har stor trong for virke. Effekten av svakare kronekurs spelar også inn.

Prisnivået er særleg bra mot sagbruksindustrien dit 70-80 prosent av tømmeret i ein hogst vanlegvis går

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen